

### Saksgang

| Utv.                  | Utv.saksnr. | Møtedato   |
|-----------------------|-------------|------------|
| Hovudutval for næring |             | 17.02.2021 |

### Marin tiltaksplan 2021

#### Forslag til vedtak

1. Hovudutval for næring vedtek Marin tiltaksplan 2021.
2. Fylkeskommunen tek ikkje del med fellesstand på ei ev fysisk AquaNor 2021.

#### Samandrag

Avdeling for Innovasjon og næringsutvikling har fleire medarbeidrarar fordelt på ulike seksjonar med marin fagbakgrunn, og som heilt eller delvis arbeider inn mot dei marine næringane. Oppgåvene innan marin sektor spenner over mange ulike oppgåver innan forvalting og næringsutvikling, og Marin tiltaksplan 2021 bidreg til å samordne aktivitet som vi i dag kan sjå skal gjennomførast. Det er lista ei rekke ulike aktivitetar, og i saka er det gjeve kort informasjon om mål og bakgrunn for tiltaka.

Bård Sandal  
fylkesdirektør

Endre Høgalmen  
seksjonssjef naturressurs, landbruk  
og reiseliv

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Marin tiltaksplan 2021 er ei rullering av Marin tiltaksplan 2020. Dette inneber at vi vil følgje opp tiltak som vart starta opp, men ikkje fullført i 2020. I tillegg har vi lagt til nokre aktuelle arbeidspunkt.

Avdeling for Innovasjon og næringsutvikling/INN har avgrensa ressursar som arbeider med marin næringsutvikling og forvalting, og pr. februar 2021 er det fire tilsette i 100 % stillingar, samt ei 60 % stilling og ei 55 % stilling (begge desse dekker meir enn berre marine næringar). I tillegg samarbeider vi med andre tilsette i organisasjonen, særleg innan tiltak «marin opplæring» og fylkeskommunale fiskerihamner. I løpet av første halvår vil avdelinga bli styrke med ei stilling med fiskerifagleg kompetanse, noko som vil bidra til større breidd og spesialisering i den marine fagkompetansen i fylkeskommunen.

Marin tiltaksplan 2021 er ein plan for «det ordinære» arbeidet innan marin sektor i fylkeskommunen. Handsaming av akvakulturløyve og lokalitetar for oppdrett vil gå sin gode gang og er difor ikkje i tiltakslista. Den marine satsinga «Marin satsing 2020 -2030 - Lønnsam og berekraftig sjømat», som fylkesutvalet gjorde vedtak på i november 2020, søker framleis si finansielle løysing og aktivitetar og tiltak her vil kome i tillegg til dei lista tiltaka under.

### Utviklingsprosjekt innan berekraftig havbruk

«Marin satsing 2020 -2030 - Lønnsam og berekraftig sjømat» Dette er ei eiga storsatsing som skal kome i tillegg til andre relevante oppgåver fylkeskommunen har innan marin forvalting, planarbeid, opplæring og utviklingsarbeid. Eksterne samarbeidspartnarar vil vere involvert i satsinga. Døme her er m.a. Mattilsynet, Fiskeridirektoratet, Statsforvaltaren, kommunar, fleire avdelingar i fylkeskommunen samt organisasjonar innan det marine næringslivet.

Status for arbeidet: Fylkesutvalet vedtok satsinga i sak 228/2020. Arbeidet med å få på plass finansiering av utviklingsprosjektet har pågått i 2020. Ein har så langt ikkje kome i mål med finansieringa. Men det er på politisk side vist stor interesse og også peika på i den verbale budsjettet handsaminga at satsinga bør gjennomførast. Hausten 2020 vart det frå leiarhald beslutta at i byrjinga av 2021 skal INN starte opp programmet Areal til berekraftig sjømatproduksjon, som første del av utviklingsprosjektet. Det vert no arbeidd med utkast til ein prosjektplan for deler av dette programmet, slik at vi kan starte raskt opp dersom finansiering fell på plass. Vi kjem seinare tilbake med sak om finansiering.

### Overordna om dei lista tiltaka i Marin tiltaksplan 2021

Det er viktig at fylkeskommunen sitt arbeid innan marin sektor er basert på god kunnskap og samhandling med andre offentlege etatar og i takt med næringslivet sine prioriteringar. Difor er møteplassar, nettverksbygging og god kjennskap til marint næringsliv i eige fylke ein stor og viktig del av tiltaka i lista.

For å sikre ei framtidig berekraftig utnytting av dei biologiske marine ressursane, ser vi det som viktig å opparbeide kunnskap om til døme korleis sjøbotn ser ut og andre sårbare naturførekommstar (t.d. korallar). Vidareføring av prosjekt om opparbeiding av marine grunnkart er difor med på lista.

Rekruttering til marine næringar er ei utfordring for vidare vekst i denne sektoren. Vi er i ei stilling i Vestland fylke der det ikkje er nok elevar som tek utdanning innan akvakultur, og det har gjennom fleire år vore ledige lærleingepllassar. Å legge til rette for å «marknadsføre» marin fagopplæring overfor skuleungdom og rådgjevarar er også ei oppgåve vi har lange tradisjonar i å bidra til. Likeså er vi pådrivar og medspelar i å få opp eit endå meir attraktivt og oppdatert læringsmiljø for elevar på marine linjer ved dei vidaregåande skulene gjennom å få på plass undervisningskonsesjonar, akvakulturhallar og opplæringsfartøy. Dei vidaregåande skulene med undervisningskonsesjon har gjennom utleige av konsesjonsbiomassa ei inntekt som skal nyttast til å bygge ut tilbodet for akvakulturelevane.

### **Tiltak: Arrangere og gjennomføre møte med kommunar og næringsorganisasjonar**

Mål: Styrke og oppretthalde god kommunikasjon og relasjoner/nettverk med kommunar og næring slik at vi raskt kan fange opp aktuelle saker og tema.

Korleis: Sette opp ein oversikt for kven vi bør ha kontakt med og kor hyppig denne skal vere.

Gjennomførast i Teams eller «in persona».

Kostnad: Reisekostnadar

### **Tiltak: Samarbeid med kommunane, regionale styresmakter og havbruksnæringa - planlegging for akvakultur (vidareført aktivitet frå 2020)**

Mål: Bidra til at kommunane kan gjennomføre meir kunnskapsbasert planlegging i sjø

Bakgrunn: Møter i 2020 med kommunar i Nordfjord konkluderte med at kommunane treng hjelp frå statlege etatar for å gjere ein konsekvensutgreiing (KU) for samla belastning ved avsetting av nytt areal til akvakultur. Mattilsynet er sentral i dette og Fiskeridirektoratet region Vest samordnar vidare arbeid. Det er m.a. utarbeidd ein rapport om lokalitetsstruktur av Havforskningsinstituttet (HI) for produksjonsområde 4 (PO 4) (området frå Nordhordland til Stadt). HI har gjort ei analyse av «relasjonen» mellom lokalitetar og lusespreiing. Vidare er det planer om møte med regionale styresmakter og næringa for å konstruere fleire aktuelle scenariomodeller, og vidare å arrangere møte med kommunane for å kunne ta i bruk kunnskapen ved planlegginga av sjøareal.

INN arbeider med å få til liknande møte for kommunane i ytre del av Sognefjorden i 2021.

Korleis: Gjennomføre møte med regionale styresmaktar, kommunar og oppdrettsnæringa.

Kostnad: Reisekostnader

### **Tiltak: Dialogmøte og felles fagturar med regional partnarskap innan akvakulturforvalting**

Mål: Betre samhandling og meir effektiv sakshandsaming av akvakultursaker mellom Statsforvaltaren, Fiskeridirektoratet, Mattilsynet, Kystverket, NVE og fylkeskommunane i Rogaland og Agder.

Bakgrunn: Fylkeskommunane er koordinator av søknader etter akvakulturlova. Det er viktig med ein arena for å diskutere ulike aktuelle problemstillingar knytt til saker og løysingar saman med dei andre sektormynda. I tillegg ser vi at det er fruktbart med felles kunnskapsoppbygging med internasjonale problemstillingar som er viktig for Vestland.

Korleis: Fysiske møter (eller Teams) regionalt, fylkesvis og fylkesovergripande i tillegg til fagturar nasjonalt og internasjonalt.

Kostnad: Reisekostnadar, arbeidsressursar

### **Tiltak: Fagturar i Vestland**

Mål: Gje påfyll av kunnskap om det marine næringsslivet på Vestlandet og etablere kontaktnett med næringssliv, klynger og organisasjonar.

Bakgrunn: Det er viktig at marine medarbeidarar i Vestland får oppdatert kunnskap om næringssliv organisasjonar, klynger og nettverk i heile det nye fylket slik at ein fagleg kan få kompetanse til å operere på tvers av tidlegare fylkesgrenser. Slik kan vi også “ta pulsen” på kva som er relevante problemstillingar der vi kan bidra til næringsslivet.

Korleis: Gjennomføre digitale og fysiske møter og ekskursjonar, også vurdere å gjere deler av dette med representantar frå den regionale partnarskapen for å etablere gode relasjonar og få felles forståing for faglege problemstillingar og ulike ståstedar.

Kostnad: 150 000 kr

### **Tiltak: Miljøseminar for akvakulturnæringa - planlegging og gjennomføring**

Mål: Skape møteplass mellom forvalting, forsking og næringssliv

Bakgrunn: Seminaret er ei årvisse hending og eit samarbeide med Statsforvaltaren i Vestland, Fiskeridirektoratet Region Vest og Sjømat Norge. Miljøseminaret som skulle vore arrangert i Florø i februar 2021 er, grunna covid-19, førebels utsett til hausten 2021.

Korleis: Arbeidsgruppa har jamlege møter og følgjer opp arrangementet i henhold til nasjonale smittevernreglar. Arbeidsgruppa ynskjer ikkje å arrangere seminaret digitalt, men vil gjennomføre fysisk samling når smittevernomsyn gjer dette mogeleg.

Kostnad: 50 000

### **Tiltak: Deltaking i FAKS (Fylkeskommunalt akvakultursamarbeid)**

Mål: Betre samordning og likskap i fylkeskommunane si sakshandsaming av akvakultursaker nasjonalt.

Bakgrunn: FAKS vart formelt etablert i 2016. Etter at akvakulturforvalningsoppgåver vart overført til fylkeskommunane frå Fiskeridirektoratet i 2010 følte trond for betre samordning og samhandling mellom fylkeskommunane. Alle fylkeskommunar frå Agder til Troms og Finnmark er med i samarbeidet. Det er tilsett to personar i 50 % stilling til å koordinere arbeidet. Det er også ei

styringsgruppe med representantar frå leiarnivå frå alle deltakande fylkeskommunar. Fagdirektør for ekstern kontakt er for tida leiar av styringsgruppa.

Korleis: FAKS har felles månadlege møte, i tillegg blir det oppretta «ad hoc»-grupper som arbeider med spesielle tema som til dømes felles mal for akvakulturløyve og planlegging i sjø.

Kostnad er kr. 230 000 pr år for Vestland. Det er eit ynskje om at det vidare i prosjektperioden fram til 2030 vert sett av midlar på ein fast post i budsjettet til dekning av kontingent i og med at dette er ein fast årvis sum gjennom fleire år.

#### **Tiltak: Marine messer - vurdere og prioritere vidare engasjement, m.a. AquaNor 2021**

Mål: Klargjere fylkeskommunen sitt framtidige engasjement og synleggjering av Vestlandet sine marine fortrinn og kompetanse innan næringsliv, FoU, forvalting, nettverk etc.

Bakgrunn: fylkeskommunane har historikk i å engasjere seg økonomisk og fagleg i ulike marine konferansar, seminar og messer.

AquaNor 2021 er ei stor internasjonal messe som etter planen skal vere i Trondheim rett over sommarferien. Fylkeskommunen har tidlegare tenkt å ta ansvar for ein fellesstand på denne messa. Problemstillinga kring deltaking på messa låg føre som sak på hovudutval for næring sitt møte 15.oktober. Administrasjonen fekk klarsignal for å planlegge deltaking i denne messa. Finansiering var på det tidspunkt ikkje avklart, og det er det for så vidt ikkje enno. Hovudutvalet gav i møte melding om at ein ved deltaking må legge seg på eit nørternt nivå, og sjå på modeller som inneber eit moderat bidrag frå fylkeskommunen. Det vart signalisert at ein må sjå på modellar som inneber eit økonomisk bidrag på godt under dei 0,6 mill kr som var presentert som eit behov. Dette også i lys av ei krevande budsjettstode der ein generelt har redusert ambisjonane for m.a. deltaking på messer. Ei arbeidsgruppe har arbeidt med å planlegge deltakinga på AquaNor21. Dei melder at det er utfordrande å få til ein fullgod fellesstand med eit økonomisk bidrag på godt under 0,6 mill kr. Det vert lagt mykje godt arbeid i å planlegge deltaking i ei slik messe, over mange månader før messa. Situasjonen kring korona ser uavklart ut, og pr no er det vanskeleg å seie om ein i det heile bør delta i ei stor internasjonal messe rett over sommarferien - om den skulle bli arrangert som ei fysisk messe. Arrangøren vil først seinare ta stilling til om den planlagde fysiske messa vert arrangert. Vi må ta ei avgjerd med tanke på deltaking, jf bestilling av messeområde og hotellrom. Basert på den uvissa som rår no kring både økonomi, og særlig korona-situasjonen, legg vi til grunn at fylkeskommunen ikkje deltek med fellesstand på ei fysisk AquaNor21. Når vi tek ei avgjerd no går vi også klar dei økonomiske forpliktelsane. Korona-tida har lært oss at nokre arrangement kan gjera annleis. Vi kan her m.a. syne til reiselivsaktørar som gjennomfører digitale messer og visningsturar.

Vi får sjå om arrangøren ev vel å gjøre AquaNor 2021 digital, slik at noko av funksjonen vert ivaretaken i fall ein ikkje kan gjennomføre ei fysisk messe. Dette vil i så fall ikkje erstatte deltaking på ei fysisk AquaNor21. Vi følgjer med på kva som skjer, og ser kva vi ev kan bidra med.

Deltaking i større messer er arbeidskrevende over tid, og det fordrar ein god planleggingshorisont både med tanke på arbeidskraft og midlar. Og vi må syte for å ha tilstrekkelig med både arbeidskraft og midlar når vi planlegg framtidige messer. NorFishing vert i 2022, og vi bør i 2021 starte med planlegging og bu oss på finansieringa.

#### **Tiltak: Planlegge tare-workshop i Vestland**

Mål: Bidra til å utvikle ei veksande tarenæring i Vestland

Bakgrunn: Vestland har mange pionerar innan taredyrking og det er gitt 29 løyve til dyrking av makroalgar i sjø med eit areal på vel 2800 da. Å stimulere til nettverk, samarbeid og kompetanseheving er ein viktig innsats å hjelpe aktørane vidare med å bygge ei ny, berekraftig næring i Vestland.

Korleis: I utgangspunktet har vi eit ønskje om å arrangere fysiske verkstader med utflukter både til fjærresonen og verksamder, med påfølgjande idemyldring om samarbeidsformer og utvikling av produkt og marknad. I 2021 vurderer vi eit Teams-arrangement om det er interesse.

Kostnad: Personressursar

#### **Tiltak: Korallkartlegging i Kinn, Naustdal og Askvoll kommune (vidareføring frå 2020).**

Mål: Kartlegge og undersøke moglege førekomstar av steinkorall, hornkorall og blautkorall i Førdefjorden og Brufjorden. Det skal i tillegg målast oksygen i to tersklar i fjordbasseng i Sogn og Fjordane.

Bakgrunn: Tiltaket vart starta i 2020, men grunna covid-19 blei det siste toktet i 2020 utsatt til 2021. Planen er å få dette gjennomført i løpet av våren 2021.

Korleis: Prosjektgruppa består av fylkeskommunen, Statsforvaltaren, Fiskeridirektoratet og Havforskningsinstituttet (HI). Det blir gjennomført to tokter; eitt i nordleg del av Brufjorden (2020) og eitt tokt lenger sør (2021). HI leiar tokta og utarbeider rapport.

Kostnad: 300 000 (løyvd i 2020 av Miljødirektoratet)

**Tiltak: Marine grunnkart Sogn og Fjordane 2019-2023 (vidareføring frå 2020)**

Mål: Geologisk kartlegging av sjøbotn i Sogn og Fjordane.

Bakgrunn: Produkt frå denne kartlegginga er botnypekart og temakart som syner sedimentasjonsområde, ankringstilhøve, fast fjell og gravbarheit. Karta vert offentleg tilgjengelege for innsyn og nedlasting. Dei vil kome til nytte i kommunal planlegging, planlegging av ulike tiltak i sjø; større installasjonar, deponi, utdjupning av farleier, uttak av sand, grus og mineral og anna. Vidare er karta grunnlaget for kartlegging av biologisk mangfald og naturtypar som vil vere til hjelp for å unngå skade på sårbar natur.

Korleis: Pågående samarbeidsprosjekt med NGU

Kostnad: 2 624 000 (2019-2023) - beløpet er tidlegare løyvd

**Tiltak: Planlegging av marine grunnkart til heile Vestland**

Mål: Sikre ei meir kunnskapsbasert forvaltning av sjøområda våre.

Bakgrunn: Kartverket og NGU arbeider no med eit nasjonalt marint kartleggingsprogram. Dei har finansiert pilotprosjekt og vil i september 2021 ha designa eit nasjonalt program for statleg delfinansiering. Vestland har hatt møte med NGU og Kartverket og signalisert vår interesse for deltaking. Kartlegginga vil, i tillegg til geologiske kart av botnsubstrat og botnforhold (som vi har fått utarbeidd i tidlegare for Sogn og Fjordane), også gje oss biologiske kart og naturypekart.

Korleis: Vi følgjer opp kontakten med Kartverket og NGU om deltaking i den nasjonale satsinga.

Kostnad: For heile Vestland vil dette bli ei stor økonomisk satsing, og vi kjem attende med sak om finansiering.

**Tiltak: Marine rekrutteringsleirer for skuleungdom**

Mål: Bidra til rekruttering til marine næringar gjennom ei «næringsreise» som synleggjer potensialet for arbeidskraft innan marint fagopplæring i vidaregåande skule.

Bakgrunn: I nær 15 år har Sogn og Fjordane fylkeskommune og Opplæringskontoret for og havbruk i Sogn og Fjordane (OKFH) gjennomført rekrutteringsleirar til marin sektor. Tilbodet har vore gjeve til alle elevar i 10. Klasse. Vi ynskjer å oppretthalde tiltaket og også vurdere å utvide det til deler av Vestland som ikkje har dette.

Korleis: Ei gruppe med jenter og ei gruppe gutter har på haustparten har fått kvar eitt firedagars tokt med Opplæringsfartøyet Skulebas. Ein har då stoppestader ulike plasser langs kysten der elevane m.a. får besøke simulator i Måløy, øve på "mann over bord", fiske og lage og ete sjømatmåltid, bøte garn og lære knutar og ikkje minst besøke ei rekke ulike bedrifter med marin tilknyting. Her får dei kunnskap om kor stor breidde og variasjon det er innan det marine næringslivet, og kva kompetanse og yrkesbakgrunn som trengs i næringa. Leiarane har vore særslig ettertrakta og gjennom mange år har det vore langt fleire søkerar enn plassar tilgjengeleg.

Kostnad: 250 000 kr. Dette tiltaket er ikkje finansiert pr no.

**Tiltak: Etablere akvakulturhallar i tilknyting til vidaregåande opplæring i akvakultur**

Mål: Opprette klasserom for praktisk undervisning i Akvakultur (Vg2) og Naturbruk (Vg1).

Bakgrunn: Elevane på Vg 1 Naturbruk og Vg 2 Akvakultur ved Måløy og Austevoll vgs. manglar pr. i dag klasserom for deler av den praktiske undervisninga. Elevane har utplassering hjå bedrifter i opplæringsstida, og her får dei verdifull kompetanse frå kommersielle anlegg for laks og aure.

I midlertid får dei ikkje praktisk kunnskap om t.d. algedyrking, skjel, torsk, RAS (landbaserte resirkuleringsanlegg) og andre relevante artar som læreplansmåla legg opp til. Dei har heller ikkje høve til å prøve ut og eksperimentera i liten skala t.d. gjennom enkle akvarieforsøk.

Akvakulturhall Måløy vgs.

Sogn og Fjordane fylkeskommune løyvde i 2019 1 mill. kr. for å designe og teikne skisse til hall. Dette arbeidet pågår no og utkast skal vere klart våren 2021. For å sikre areal til nybygget må ein ha ny regulering av området ved skulen. Før ny reguleringsplan er godkjend og areal til bygget er avklart, kan ikkje bygging starte opp. INN vil i samarbeid med Opplæring og kompetanse (OPK) og Eigedomsavdelinga følgje opp dette arbeidet. Gjennomføringa vert koordinert av prosjektleiar ved Måløy vgs. Ho arbeider m.a. no med kommunen for å lage ein ny reguleringsplan for arealet og for å sikre ferskvatn og avlaup.

Akvakulturhall Austevoll vgs.

Austevoll vgs er i samarbeid med HI godt i gang med søknaden om løyve for oppdrett av anadrom laksefisk og andre artar i ein framtidig akvakulturhall. I Austevoll satsar ein på eit konsept med

plasthall, noko som dei allereie har teke i bruk for Naturbruksklassene og Fiske og fangst. Det er pågående dialog med NVE og Austevoll vatn og avløp med tanke på tilførsel av ferskvatn.

Korleis: INN si rolle er å følgje opp initiativa, bidra med hjelp til søknadar, rådgjeving m.m.

**Tiltak: Oppdatere vedtekter for fond knyta til undervisningskonsesjon ved Måløy, Fusa og Austevoll vgs. samt rutinar for oppfølging av utleigeavtalane**

Mål: Få til ei samordning av vedtekter for fonda som er knytt til utleige av konsesjonsbiomasse av undervisningskonsesjonane til vgs med akvakulturopplæring i Vestland fylke. Vidare etablere felles rutinar for handsaming av skulene og fylkeskommunen sine pliktar i avtalene med dei som leiger konsesjonsbiomassa.

Bakgrunn: Dette arbeidet starta opp i 2020. Vi vil kvalitetssikre dei ulike utleigeavtalene (av konsesjonsbiomasse) som er inngått mellom dei tidlegare fylkeskommunane og næringsaktørar. Dei tre leigeavtalane er ulike, men store deler er samanfallande, og det er ikkje systematisert kven som skal ha ansvaret internt i Vestland for å fylge opp dei ulike oppgåvane som ligg til "fylkeskommunen" eller "skulen". Dette er viktige avklaringar for å sikre korrekt oppfølging av fylkeskommunen og skulen sine pliktar. Det er oppretta ei arbeidsgruppe leia av INN og der kvar skule samt Opplæring og kompetanse er med.

Korleis: Fortsette samarbeidet der INN koordinerer dei tre vidaregåande skulene i arbeidet med å kome fram til felles rutinar for handsaming av skulene og fylkeskommunen sine pliktar i avtalene med dei som leiger konsesjonsbiomassa.

Kostnad: arbeidstid, reisekostnad.

**Tiltak: Koordinere kontakt /møteplass mellom skule og næringsliv og høgare utdanning - høgskule- og universitetssektoren**

Mål: Betre samarbeidet mellom vgs. og høgare utdanning

Bakgrunn: Det er eit visst behov for å kjenne til krav og pensum både opp i utdanningssystemet og ned frå høgskule og universitetsnivå. God kunnskap om «krav» gjer det enklare å tilpasse undervisninga og kan bidra til å gjøre overgangen frå vidaregåande utdanning til høgare utdanning lettare for elevane. I dag er det heller ikkje heilt samsvar med læreplanane i faga og t.d. det næringa treng at lærlingane må kunne før læretida startar. FOSFOR (Fiskeri- og sikkerhetsfaglig forum) er eit døme på nettverk der skulane kan få diskutere slike utfordringar med både dei marine og maritime næringane. Her kan INN vere eit kontaktpunkt.

Vestlandsrådet har gjennom rapporten «*Utdanningstilbodet på Vestlandet - sett i lys av behov i leverandørindustrien til sjømatnæringa*» avdekkja at det er trøng for ny fagskulelinje innan nye bærekraftige driftsformer i akvakultur.

Næringspartnarane i sjømatklynga har i lengre tid etterlyst kurs og kompetansehevande tiltak innan t.d. RAS, semi-lukka og lukka oppdrettsanlegg i sjø. Klynga har gjennom KABIS-prosjektet finansiert eit nytt professoriat ved UiB for å styrke kompetansen i regionen.

Kostnad: arbeidstid, reisekostnad

**Tiltak: Vurdere relevans og svare på offentlege høyringar - havbruk og fiskeri**

Mål: Gje innspel i saker som har relevans for det marine næringslivet i Vestland.

Bakgrunn: Det kjem jamleg høyringar som er relevante for marint næringsliv. Fylkeskommunen må her nytte tilsette med marin kompetanse for å vurdere relevansen av høyringane.

Korleis: Lese igjennom sakar som kjem på postlistene til Vestland og vurdere den faglege og politiske relevansen av desse.

Kostnad: arbeidstid

**Tiltak: Følgje opp det næringsmessige arbeidet med regionale fiskerihamner i Vestland.**

Mål: Ivareta næringsinteressene i dei tidlegare nasjonale fiskerihamnene

Bakgrunn: Forvaltingsansvaret for dei nasjonale fiskerihamnene vart overført frå Kystverket til fylkeskommunen i 2020. Vestland overtok då 99 fiskerihamner, dei fleste med eit aktivt fiskeri knytt til denne infrastrukturen.

Korleis: Oppfølging av ansvaret er teke i vare av eit tverrfagleg samarbeide i der Eigedomsavdelinga har ein jurist og ein med ansvar for forvalting av infrastrukturen og tilsette i næringsavdelinga vurderer dei næringsmessige aspekta ved fiskerihamnene.

Kostnad: arbeidstid

**Tiltak: Mobilisering til marin forsking og utvikling i bedrifter**

Mål: Bidra til at innovasjon gjennom marin forsking og utvikling vert sett på dagsordenen hos våre bedrifter.

Bakgrunn: Vestland fylkeskommune er eigar og/eller aktiv deltar i ulike ordningar og organisasjonar som arbeider med FoU i næringslivet, også innan marin sektor. For å fylle måla om både auka produksjon og ei meir berekraftig havbruksnæring er auka grad av innovasjon viktig og forsking og utvikling viktige reiskap.

Korleis: Gjennom organisasjonar og ordningar som t.d. Innovasjon Norge, FORREGION Vestland, Regionale Forskningsfond Vest (RFF Vest) under Norges forskningsråd (NFR) og NORA (Nordisk Atlant-samarbeid) under Nordisk Ministerråd vil vi bidra til å auke innovasjonsgraden i marine bedrifter i fylket.

Kostnad: arbeidstid, eigen finansiering av dei ulike ordningane.

## Marin tiltaksplan 2021 - tabelloversyn

Tiltaka i tabellen er lista i ikkje-prioritert rekkefølgje.

| Tiltak  | Ressurs 1)    | Finansiering      |
|---|---------------|-------------------|
| Arrangere og gjennomføre møter med kommunar og næringsorganisasjonar                                  | A/R           |                   |
| Samarbeid med kommunane, regionale styresmakter og havbruksnæringa – planlegging for akvakultur       | A/R           |                   |
| Dialogmøte og felles fagturar med regional partnarskap innan akvakulturforvalting                     | A/R           |                   |
| Fagturar i Vestland   | 150 000       | manglar           |
| Miljøseminar for akvakulturnæringa - planlegging og gjennomføring                                     | 50 000        | manglar           |
| Deltaking i FAKS (Fylkeskommunalt akvakultursamarbeid)  | 230 000       | manglar           |
| Marine messer - vurdere og prioritere vidare engasjement, m.a. Nor-Fishing 2021                       | 1 000 000     | manglar           |
| Planlegge tare-workshop i Vestland  | A             |                   |
| Korallkartlegging i Kinn, Naustdal og Askvoll kommune   | 300 000       | fin. av Miljødir. |
| Marine grunnkart Sogn og Fjordane 2019-2023 - vidareføring  | 2 624 000     | finansiert        |
| Planlegging av marine grunnkart til heile Vestland  | Marin satsing | manglar           |
| Marine rekrutteringsleirer for skuleungdom  | 250 000       | manglar           |
| Etablere akvakulturhallar i tilknyting til vidaregåande opplæring i akvakultur                        | A             |                   |
| Oppdatere vedtekter for fond knyta til undervisningskonsesjon ved Måløy, Fusø og Austevoll vgs        | A             |                   |
| Oppdatere og kvalitetssikre rutinar for oppfølging av utleigeavtalane                                 | A/R           |                   |
| Koordinere kontakt /møteplass mellom skule og næringsliv og høgare utdanning - høgskule- og universit | A/R           |                   |
| Vurdere relevans og svare på offentlege høyringar - havbruk og fiskeri                                | A             |                   |
| Følgje opp det næringsmessige arbeidet med regionale fiskerihamner i Vestland.                        | A/R           |                   |
| Mobilisering til marin forsking i bedrifter   | A             |                   |
| <i><sup>1)</sup> A:Arbeidstimer R. Reisekostnadar</i>   |               |                   |

Vedtakskompetanse: Hovudutval for næring

Vurderingar og verknader

### Økonomi:

Det er i budsjett 2021 ikkje sett av midlar til å arbeide med tiltak og prosjekt innan marin næringsutvikling. Beløpa som er skissert i tiltaksplanen er estimat over reelle kostnadar for gjennomføring og for fleire av tiltaka er finansiell medverknad naudsynt for gjennomføring. Det vert arbeidt vidare med finansiering.

### Klima:

Ein miljømessig berekraftig marin sektor er eit overordna mål for alt arbeidet med marin sektor. Aktivitetar innan arealbruk, grøn verdiskaping og kunnskapsbasert akvakulturforvalting vil alle kunne bidra til det grøne skiftet.

**Folkehelse:** Ikkje relevant.

### **Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Tiltaka lista i marin tiltaksplan 2021 famnar over eit vidt spekter av tema og støtter såleis opp under mange av visjonane og måla i *Utviklingsplan for Vestland 2020-2024*. Tiltaksplanen skal bidra m.a. bidra til:

- Å setje retning for vårt arbeid med vidareutvikling av marine næringar.
- Bidra til ei nyskapande og berekraftig marin næring
- Bidra til regional samhandling

- På sikt gje ein meirverdi for brukarar, som kommunar og næringsliv og utvikle gode, kunnskaps-baserte tenester innan marin forvalting og næringsutvikling.

#### Konklusjon

Marin tiltaksplan 2021 er utarbeidd i avdeling for innovasjon og næringsutvikling med deltaking frå tilsette i fleire seksjonar. Tiltaksplanen er eit dokument som skal bidra til å prioritere og samordne fylkeskommunen sin aktivitet på tvers, og med andre relevante eksterne partnarar. Ein god del av dei tiltaka som fordrar økonomiske midlar er ikkje finansierte pr no. Finansiering er naudsynt for å få realisert tiltaka, og det vert arbeidt vidare med dette.